

Ordensreglement ved Askvoll skule



Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap.

Vedteke i samarbeidsutvalet ved Askvoll skule 05.12.2017
Gjeldande frå 02.01.2018

§ 1 Heimel

Reglar for orden og åtferd er heimla i Opplæringslova § 9A-10.

§ 2 Føremål og rettar

Reglar for orden og åtferd har til føremål å sikre elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø, jamfør kap. 9A-2 i Opplæringslova. Reglane skal bidra til at miljøet i skulen fremjar læring, helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, samt førebygge skade og sjukdom.

Reglane er også grunnlag for vurdering i orden og åtferd, jamfør § 3-5 i føresegnene til Opplæringslova. Det skal takast omsyn til eleven sine føresetnader.

§ 3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i regi av skulen, uavhengig av stad. Ordensreglementet gjeld også på skulevegen.

§ 4 Plikter

Elevane ved Askvoll skule har plikt til, ut frå sine føresetnader, å følgje reglane for orden og åtferd.

§ 5 Orden

For å oppnå vurderinga "god" i orden, må eleven:

§ 5-1 Møte førebudd til opplæringa

- a) ved å møte punktleg til timane
- b) ved å møte utkvilt
- c) ved å gjere førearbeid og heimearbeid
- d) ved å ha med seg naudsynte læremiddel og utstyr
- e) ved å ha melding frå heimen dersom eleven har god grunn til ikkje å vere førebudd
- f) ved å ha melding til kontaktlærar frå føresette om eleven har vore vekke eller søker permisjon

§ 5-2 Praktisere gode arbeidsvanar

- a) ved å følgje opp arbeid som skal gjerast
- b) ved å gje seg sjølv, medelevar og tilsette arbeidsro til læringsarbeid
- c) ved å følgje rutinar for rydding og orden i klasserom og fellesareal inne og ute, og la ytterklede henge på gangen

§ 5-3 Syne god arbeidsinnsats

- a) ved å nytte tida til læringsarbeid når det er forventa
- b) ved å gjennomføre det arbeidet som er forventa i samråd med lærar og føresette

§ 6 Åtferd

For å oppnå vurderinga "god" i åtferd må eleven:

§ 6-1 Opptre høfleg og syne omsyn og respekt for medelevar, lærarar og andre tilsette ved skulen

- a) ved ikkje å nytte vald
- b) ved ikkje å plage eller mobbe, også digitalt
- c) ved ikkje å bruke bannord eller uhøvisk språk
- d) ved ikkje å utsette andre for fare
- e) ved ikkje å ta bilete/film eller publisere slikt materiale utan samtykke

§ 6-2 Ta medansvar for eit trygt og triveleg skulemiljø

- a) ved å seie i frå til vaksne om ein oppdagar plaging og mobbing
- b) ved å ta vare på eigne, medelevar og skulen sine eigendelar

§ 6-3 Rette seg etter beskjedar frå lærarar, skuleleiing og andre tilsette på skulen

§ 6-4 Ikkje nytte rusmiddel, snus eller tobakk på skuleområdet, i skuletida og på arrangement i skulen sin regi. Bruk av rusmiddel, snus eller tobakk får konsekvensar for eleven si vurdering i åtferd.

§ 6-5 Ikkje ha med snop, brus eller chips utan etter avtale med lærar

§ 6-6 Ikkje fuske i læringsarbeidet eller misbruke datautstyr og internett ved skulen. Fusk eller forsøk på fusk vert sett på som brot på gjeldande reglement og får konsekvensar for eleven sin vurdering i åtferd.

Bruk av ikkje tillatne hjelpemiddel, samt ikkje tillaten kommunikasjon med andre i ein prøvesituasjon, vert sett på som fusk. Det same gjeld kopiering/plagiering av andre sitt arbeid. Konsekvensen av dette er svekka vurderingsgrunnlag

§ 6-7 Ikkje bruke mobiltelefon eller musikk på øyret i skuletida med mindre det er avtalt med lærar. Mobiltelefonane skal oppbevarast i mobilhotell i skuletida mellom kl. 09.00-14.25

§ 6-8 Ikkje forlate skulen sitt område utan avtale med lærar eller skuleleiing

§ 7 Konsekvensar ved brot på reglane

Brot på reglane for orden og åtferd kan utløyse ulike konsekvensar:

§ 7-1 Munnleg rettleiing

§ 7-2 Merknad i skulen sitt merknadssystem

Merknader skal nyttast som ein dokumentasjon av brot på ordensreglementet og skal leggst til grunn for vurdering av karakter i orden og åtferd. Det er skulen si samla vurdering, og ikkje summen av merknadane som vert lagt til grunn. Eleven skal vere gjort kjent med at det er gitt ein merknad

§ 7-3 Kontakt med føresette

Etter fem merknader får føresette melding over telefon **første** (fem merknader) og **andre** (10 merknader) gong dette skjer. Ved **tredje** (15 merknader) kontakt heim, vert det kalla inn til møte mellom elev, føresette og kontaktlærer der ein saman finn løysingar. Møtet vert halde i skuletida. Dersom det ikkje vert ei betring, gjev kontaktlærer melding til rektor om dette.

Før kontaktlærer kontaktar heimen, skal saka ha vore drøfta i klasselærarmøte. I møtet kan klasselærarar uttale seg og komme med sine synspunkt og eventuelle tilleggsopplysningar. Ei slik drøfting mellom fleire lærarar vil føre til meir lik praksis med omsyn til melding heim.

Det er viktig å vere klar over at ein merknad har ulik alvorsgrad. Ei melding heim til elev og føresette er informasjon og ei påminning om ei utvikling som bør gjerast noko med. Kontaktlærer har ansvar for melding heim med dokumentasjon, tidspunkt for telefonsamtale og avtale om eventuelle møte.

Alvorlege hendingar skal meldast heim same dag.

Særskilt for elevar i 10. klasse

For elevar i 10. klasse blir det sendt skriftleg melding heim ved kvar kontakt ein har med heimen vedkomande merknader. Dette grunna krav til dokumentasjon ved eventuell nedsetjing av avgangskarakterar i orden og åtferd.

§ 7-4 Nedsett karakter i orden og åtferd

Eleven si oppfølging av reglane for orden og åtferd er grunnlag for halvårsvurderinga i orden og åtferd, jamfør §§ 3-5 og 3-6 i føresegnene til Opplæringslova:

§ 3-5: "Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

§ 3-6: "I grunnskulen skal det til og med 7. årstrinn berre givast vurdering utan karakter i orden og åtferd. Frå 8. trinnet (...) skal vurdering i orden og åtferd givast med karakterar. I orden og åtferd skal desse karakterane nyttast:

- a) God (G): vanleg god orden og vanleg god åtferd
- b) Nokså god (Ng): klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd
- c) Lite god (Lg): i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd."

"Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd. "

"Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd. "

"Nedsett karakter i orden og åtferd er eit einskildvedtak som kan klagast på. Det er Fylkesmannen som avgjer slik klage"

Vurderinga skal ta omsyn til dei føresetnadane eleven har.

§ 7-5 Inndraging av utstyr/gjenstandar

Inndraging av mobiltelefon og anna lydutstyr resten av dagen om brot på § 6-7.
Inndraging av ulovlege/farlege gjenstandar

§ 7-6 Økonomisk ansvar

Ein må stå til ansvar, også økonomisk, for skadar ein gjer på grunn av uansvarleg framferd. Ved hærverk/tilgrising på skulen sitt område eller skulen sine eigendelar skal den/dei skuldige rydde opp etter seg og/eller betale for skaden

§ 7-7 Bortvising

I grove tilfelle av brot på reglane for orden og åtferd kan elevar verte vist bort frå læringsarbeidet av rektor, jamfør § 9A-11 i Opplæringslova. Elevar frå 1.-7. steg kan visast bort frå resten av timen eller for resten av dagen. Elevar på 8.-10. steg kan i tillegg visast bort i inntil 3 dagar. Eleven skal alltid få forklare seg munnleg før slikt vedtak vert vurdert. Føresette skal varslast når eleven vert vist bort. Bortvising er eit einskildvedtak som kan klagast på. Det er Fylkesmannen som avgjer slik klage

§ 7-8 Melding til politiet

Særleg grove hendingar med hærverk, mobbing, vald eller rasistiske utsegn kan verte melde til politiet ved ordføraren